
Sakspapirer for

Årsmøte



Gudbrandsdal Folkemusikklag

Laurdag 6. april 2019

Utgard fleirbrukshall, Lom

1. Val av møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen saman med møteleiaren.

Møteleiar:

Referent:

To til å underskrive protokollen:

2. Årsmelding

**ÅRSMELDING FOR
GUDBRANDSDAL FOLKEMUSIKKLAG 2018
Gjeld for perioden 14.4.2018 – 6.4.2019**

| | | |
|------------|-------------|---------------------|
| Styret: | Leiar | Bjørn Kåre Odde |
| | Nestleiar | Inge Gjevre |
| | Skrivar | Kirsti Lier Ramberg |
| | Kasserar | Arne Grindstuen |
| | Styremedlem | Kristen Leirflaten |
| Revisor: | | Svein Garmo |
| Valkomit : | | Mads Erik Odde |
| | | Ragnhild Svare Odde |

Møter

Styret har hatt to styremøter i 2018. I tillegg har det vore ein del kontakt mellom styremedlemmene pr telefon og e-post. På eitt av styremøta hadde vi med oss Øyvind Sandum på Skype som representant for FolkOrg. Møta har vore på Vinstra og på Lillehammer.

Medlemskap

I 2018 har det vore 15 lokallag knytt til GF med til saman 635 medlemmer. Av desse er 96 born/ungdom under 18 år. Medlemstalet er henta frå StyreWeb datert 31.12.18.

Politisk arbeid

Som kjent skal Oppland og Hedmark bli eitt fylke i 2020. Styret i GF har kjent på eit ansvar når det gjeld å påpeike viktige av å hugse på folkemusikken og -dansen si rolle når kulturplanar for det nye fylket skal utformast. Bjørn Kåre har vore i møte med Øyvind Sandum i FolkOrg og Anne Nilssen i Hedmark Folkemusikklag om dette. I etterkant vart det tatt initiativ til å sende eit felles brev til fylkeskommunane. Følgjande lag signerte dette brevet i tillegg til GF: Hedmark folkemusikklag, Valdres folkemusikklag, Gjøvik spelmannslag, Furuleiken spell- og danselag og Tingelstadringsen. Brevet er lagt ved sakspapira.

Aktivitetar

Gudbrandsdalskappleiken vart avvikla den 14. april på Solvang Ungdomshus på Otta. Arrangørlag var Sel og Otta spel- og dansarlag, og det vart ein svært vellukka kappleik med mange deltakarar og publikum. Takk til Sel og Otta spel- og dansarlag.

Elles har det ikkje vore andre arrangement i regi av GF i 2018, men styret har starta arbeidet med å legge til rette for avvikling av dommarkurs. Dette vil skje i samarbeid med FolkOrg, og mest sannsynleg blir dommarkurset lagt til sør- eller midtdalen i slutten av september 2019.

Styret har elles gjort fylgjande i 2018:

- Laga heimeside, www.gfolk.org.
- Oppretta eigen e-postadresse, gfleiar@gmail.com.
- Forsøkt å bli meir synlege i sosiale medium.
- Tatt initiativ til å lage logo. Denne er ikkje klar enda.
- Registrert GF i Brønnøysundregistrene.
- Starta prosessen med å oppdatere vedtektene. Forslag til oppdatering vil bli tatt opp på neste årsmøte.

Økonomi

Rekneskapen pr. 31.12.2018 viser eit overskot på 4630,81 kroner. Den største utgiftsposten har vore støttepengar, og styret har gjeve ut i alt 15.000 kroner i støtte til fylgjande prosjekt:

| | |
|----------------------|--|
| Ta:lik records | kr 3000 til plateprosjekt med slåttemusikk frå Fron. |
| Mads Erik Odde | kr 3000 til utgjeving av notehefte. |
| Mari Skeie Ljones | kr 3000 til plateprosjekt med slåttemusikk frå Gausdal og Lillehammer. |
| Aslak Brimi Kvartett | kr 1500 til plateprosjekt. |
| Tore Viken | kr 3000 til plateprosjektet «Garmospel». |
| Aslak Brimi | kr 1500 til musikkprosjektet «Berg og blånar» (Bergtatt). |

Styret i Gudbrandsdal Folkemusikklag

Bjørn Kåre Odde

Leiar

Inge Gjevre

Nestleiar

Arne Grindstuen

Kasserar

Kirsti Lier Ramberg

Skrivar

Kristen Leirflaten

Styremedlem

Vedtak:

3. Rekneskap

Resultatrekneskap for Gudbrandsdal Folkemusikklag 2018

BALANSE

Behaldning pr. 01.01.2018:

| | |
|--------------------|----------|
| Bank 2085 63 34660 | 73942,61 |
|--------------------|----------|

Behaldning pr 31.12.2018:

| | |
|--------------------|----------|
| Bank 2085 63 34660 | 78573,42 |
|--------------------|----------|

RESULTAT

| | |
|-----------------------------|----------------|
| Kapitalreduksjon/underskudd | 4630,81 |
|-----------------------------|----------------|

DRIFTSRESULTAT 2018

Inntekter:

| | | |
|-------------------------------|-----------|------------------|
| Medlemsavgift gjennom FolkOrg | kr | 24 960,00 |
| Kreditrenter | kr | 73,00 |
| Sum inntekter | kr | 25 033,00 |

Utgifter:

| | | |
|---------------------|-----------|------------------|
| Støttepengar | kr | 15 000,00 |
| Styre (reise) | kr | 3 504,60 |
| StyreWeb | kr | 930,00 |
| Anna | kr | 967,59 |
| Sum utgifter | kr | 20 402,19 |

SUM:

| | | | |
|--------------------|-----------|-----------------|----------|
| Årsresultat | kr | 4 630,81 | overskot |
|--------------------|-----------|-----------------|----------|

Rekneskapen er revidert og godkjent av Svein Garmo den 27. mars 2019.

4. Budsjett og arbeidsprogram for 2019

Informasjon og kommunikasjon

Styret har i 2018 tatt nokre grep for å betre informasjonsflyten ut til lokallaga, som til dømes oppretta eigen e-postadresse, laga heimeside og vore meir aktive på Facebook. Styret vil halde fram med å forbetre dette komande år. Kommunikasjon mellom GF og lokallaga blir særleg viktig no som vi går inn i eit meir aktivt år med dommarkurs, samanslåing av fylka og ny runde med Gudbrandsdalskappleik. Styret ynskjer også å hjelpe til med marknadsføring av andre folkemusikkarrangement i Gudbrandsdalen, og vi vil oppmode lokallaga til å sende oss informasjon til vidareformidling gjennom våre kanalar.

Arrangement i 2019

GF skal i samarbeid med FolkOrg arrangere eit etterlengta dommarkurs i sør- eller midtdalen. Etter planen skal dette avviklast den 27.-29. september. Det har vore føreslått at runddans og runddansmusikk skal vere fokusområdet denne helga.

Gudbrandsdalskappleiken skal avviklast på vårparten i 2020, og styret skal arbeide for å finne arrangør helst i midt- eller sørdalen.

Budsjett 2019

| | Inntekter | Utgifter | Resultat |
|--------------------------------|-----------|----------|---------------|
| Kontingent | 25000 | 0 | 25000 |
| Tilskot | 0 | 12000 | - 12000 |
| Styret (reiseutg., rekvisitta) | 0 | 5500 | - 5500 |
| Dommarseminar | 0 | 10000 | - 10000 |
| Andre inntekter/utgifter | | 1000 | - 1000 |
| Resultat | | | - 3500 |

6. Kontingenten for 2020

Årsmøte for 2017 vedtok følgende kontingent for 2018:

Kr 50,- for voksne, og kr 0,- for born/ungdom under 18 år.

Styret foreslår uendra kontingent for 2020.

Vedtak:

7. Val

Følgjande har verv i GF i dag:

Styret:

Leiar Bjørn Kåre Odde (2018-2019) 1 år, på val

Nestleiar Inge Gjevre (2017-2019) 2 år, på val

Skrivar Kirsti Lier Ramberg (2017-2019) 2 år, på val

Kasserar Arne Grindstuen (2018-2019) 2 år, ikkje på val

Styremedlem Kristen Leirflaten (2018-2019) 2 år, ikkje på val

Revisor:

Svein Garmo (2018-2019) 1 år, på val

Valnemnd:

Mads Erik Odde (2018-2019) 1 år, på val

Ragnhild Svare Odde (2018-2019) 1 år, på val

Valkomiteen sine forslag blir presentert på årsmøtet.

Styret sitt forslag til valnemnd 2019-2020:

Astrid Sulheim, Camilla Granlien og Jorunn Alme.

Vedtak:

Vedlegg:

Kopi av revidert rekneskap

Brev om fylkessamanslåing